



Gerd Holmaas Nævdal  
Nævdal 75  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/947 - 16/33871

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.01.2017

## Registrerte feil og manglar ved slamtømming - 100/2 Fjellsende

Lindås kommune har motteke melding frå føretaket Johnny Birkeland Transport om at det ikkje er mogleg å tømme slamavskiljaren for eigedomen gbnr 100/2 på grunn av framandelement (våtserviettar, filler og plast) i tanken. Det er også registrert lekkasje frå slamavskiljaren.

Ut frå dei rapporterte opplysningane vurderer kommunen at avlaupsanlegget på eigedomen ikkje er i tilfredsstillande stand. For å sikra naudsynt drift av avlaupsanlegget er det viktig at anlegget har tilfredsstillande teknisk stand og at regelmessig slamtømming vert gjennomført. Slamavskiljaren har lekkasje og må reparerast eller skiftast ut.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerna eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget for eigedomen. Før vi vurderer om det er naudsynt å setja ytterlegare krav om oppgradering av avlaupsanlegget ber vi om at det vert gitt tilbakemelding på kva avlaupsløysing eigedomen har. Det må gjerast greie for når avlaupsanlegget vart etablert, kor stor slamavskiljaren er, type slamavskiljar og kor avlaupet vert ført etter reinsing i slamavskiljar (terreng, sandfiltergrøft, sjå eller anna).

Når det gjeld drift av anlegget gjer vi merksam på at det er naudsynt å gjennomføra regelmessig slamtømming. I følgje gjeldande regelverk skal slamavskiljarar tilknytt heilårshus tømmast heilt for slam etter behov og ikkje sjeldnare enn anna kvart år. Manglande slamtømming vil medføra fare for forureining.

Dersom våtserviettar og liknande vert kasta i toalettet vil dette kunne føra til at slamavskiljaren og avløpsleidningar ikkje lenger fungerer. Slamavskiljaren kan heller ikkje tømmast med ordinært utstyr og eigar må difor sørga for at ekstra slamtømming vert rekvirert og gjennomført. Ekstratømming vert ikkje dekka av det kommunale slamgebyret, jf § 6 i Forskrift for slamtømming.



Vi ber om at de innan **20.02.2017** gjev tilbakemelding på kva avlaupsanlegg egedomen har. Tilbakemelding gjev de i brevs form og sender til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller de har andre kommentarar, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er gitt over.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Gerd Holmaas Nævdal  
Lars Kåre Holmaas  
Maria Holmaas

Nævdal 75            5957  
Sævråsvegen 114    5955  
Strimmelen 8        5097

MYKING  
LINDÅS  
BERGEN